



Eirik var truleg den gladaste vinnaren

Guten på biletet over er Eirik Eik Arnevik. Han er berre 3 år men var truleg den gladaste vinnaren under helselaget sin basar i Helgheimkjellaren i ettermiddag. Han vann både traktor,

**tilhengar og lesseapparat.**

**Men også leiinga i helselaget hadde all grunn til å vera glade, for denne første basaren dei hadde på 3 år ga rundt rekna 40 000 i kassa til gode føremål.**

**- Vi er særst godt fornøgd, sjølv om det ikkje vart rekord,sa leiar Selma Eik.**



[Det kom over 100 på basaren!](#)

Rekorden kom under basaren i 2011 med 46 000.

Men faktisk kom det i dag over 100 og dei var rause både med kjøp av årer og lodd. Basaren hadde fått ein god start på førehand mellom anna med vakt på SPAR og sal for 14 000 og no slutta fleire store familiegrupper opp.

Den nyvalde kasserar Klara Bakke fekk med andre ord litt av ein pangstart!

Det vart ein god, gamaldags basar, også med innpassa matøkt der ein mellom anna fekk nyta Selmas sagnomsuste melkekaker som ho og Berit Harriet Døssland hadde steikt same dagen.

Og sjølv det gamle og tradisjonsbundne basar-ritualet var slett ikkje gløymt, men gjekk som smurt sjølv om laget altså har hoppa over 2 år. Gevinstlista var allsidig og frista med alt få vinkelslipar til bunadsliv.

Atter ein gong må konklusjonen bli at Uskedalen til fulle forsvrar sitt gode renommé som basar- og dugnadsbygd!



Familien Hjørnevåg er klare med årene

Tekst, foto og NETT: Ola Matti Mathisen



Selma (til venstre) les åretal og gevinstar vert delt ut